





# Noor sin familie

**Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:**

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

**Eller les ei lita fortelling om Noor:**



Noor er tre år og bur saman med mamma, pappa, storesøster og storebror. Noor og søskena er født i Noreg, men mamma og pappa er født i eit land som heiter Syria. Dei måtte flykte til Noreg fordi det blei krig i Syria og det var ikkje trygt for dei å bu der lenger. Noor veit ikkje så mykje om kva det betyr, men av og til ser ho mamma gret.

Når Noor spør mamma kvifor ho gret seier mamma at ho tenker på familien sin i Syria og alle ho har mista. Noor har aldri møtt besteforeldra sine, og har ikkje søskaben barn eller tanter og onklar i Noreg. Det er berre dei fem som er familie, men dei har heldigvis blitt kjende med mange andre venner, både frå Syria og frå Noreg.

Til vanleg tenker ikkje Noor på at familien kjem frå eit anna land. Ho har mange venner i barnehagen og snakkar norsk med dei. Ho har vore heime hos nokre av venninnene sine frå barnehagen. Deira hus er mykje større enn leilegheita der Noor og familien bur. Og dei har veldig masse leiker, og eigne rom! Noor deler rom med begge søskena sine. Ho har sjølv sagt også leiker, men ikkje så mange sånne dyre leiker som dei andre har. Når Noor blir voksen vil ho også ha stort hus og masse leiker!

**Snakk saman:**

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familién er glade i seg.